

# 2019

## Samla plan for skogbruket i Stryn kommune



Skogsbilvegen Bjønnastegvegen i Olden  
Foto: Å-B Nytun

- Skogbruksområde
- Skog med vernande funksjon
- Skogsvegar
- Kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket

«Stryn er (...) ein stor skogbrukskommune, som jamt over har ein utfordrande topografi. Det er difor ekstra viktig å ha gjort seg nokre tankar om korleis vi skal forvalte skogressursane våre. ...»

«... planen skal sikre at skogressursane i kommunen vert forsvarleg forvalta, og skal stimulere val som er fornuftige og rasjonelle ...»

Åse-Berit Nytun

Stryn kommune

07.08.2019

## Innhald

1.	Innleiing .....	1
1.1.	Bakgrunn .....	1
1.2.	Mål.....	1
1.3.	Organisering av arbeidet .....	1
1.4.	Innhaldet i planen.....	2
1.5.	Grunnlagsdata .....	2
2.	Skogbruksplanen .....	3
2.1.	Skogbruket i Stryn kommune .....	3
2.2.	Skogbruksområde.....	3
2.2.1.	Kva er skogbruksområde .....	3
2.2.2.	Kvifor er dette med i planen.....	3
2.2.3.	Kva er situasjonen i dag.....	4
2.2.4.	Mål.....	4
2.2.5.	Tiltak.....	4
2.2.6.	Konklusjon.....	4
2.3.	Skog med vernande funksjon .....	4
2.3.1.	Kva er skog med vernande funksjon .....	4
2.3.2.	Kvifor er dette med i planen.....	5
2.3.3.	Kva er situasjonen i dag.....	5
2.3.4.	Mål.....	5
2.3.5.	Tiltak .....	5
2.3.6.	Konklusjon.....	6
2.4.	Skogsvegar .....	6
2.4.1.	Kva er skogsvegar .....	6
2.4.2.	Kvifor er dette med i planen.....	6
2.4.3.	Kva er situasjonen i dag.....	7
2.4.4.	Mål.....	7
2.4.5.	Tiltak.....	7
2.4.6.	Konklusjon.....	8
2.5.	Kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket.....	8
2.5.1.	Kva er flaskehalsar .....	8

2.5.2. Kvifor er dette med i planen.....	8
2.5.3. Kva er situasjonen i dag.....	8
2.5.4. Mål.....	9
2.5.5. Tiltak.....	9
2.5.6. Konklusjon .....	10
2.6. Kartdelen .....	10
2.6.1. Kva er kartdelen .....	10
2.6.2. Kvifor kart? .....	11
2.6.3. Korleis skal kartet lesast .....	12
2.6.4. Korleis kan kartet nyttast .....	12
2.7. Samanhengen mellom dei fire tema .....	12
3. Avslutting.....	12
3.1. Konklusjon .....	12
3.2. Bruk .....	13
3.3. Revidering.....	13

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn

På 1990- og 2000-talet vart det for skogbruket i kommunen utarbeida fleire planar om enkelttema, og gjort utgreiingar og registreringar. Det har imidlertid aldri blitt utarbeida ein samla plan for skogbruket, som inneheld dei tema som er mest aktuelle for skogbruket i kommunen i dag – det er fleire ulike interesser og ulik bruk av skogen, og det er behov for eit samla verkty.

Også høgare instansar har i lenger tid etterlyst, oppmoda og tilrådd kommunane å lage tiltaksretta miljø- og ressursplanar.

Stryn er også ein stor skogbrukskommune, som jamt over har ein utfordrande topografi. Det er difor ekstra viktig å ha gjort seg nokre tankar om korleis vi skal forvalte skogressursane våre.

I Stryn kommune sin planstrategi for perioden 2016–2020 er det teke høgde for dette, og i den ligg ein samla plan for skogsvegar og framtidig prioriterte område for skogbruk inne som ei prioritert utgreiing i perioden.

Det har i ettertid blitt avgjort at det ikkje er aktuelt kun med ei utgreiing, og formannskapet vedtok difor i juni 2017 å utarbeide ein samla plan for skogbruket i Stryn kommune.

## 1.2. Mål

Målet er at planen skal sikre at skogressursane i kommunen vert forsvarleg forvalta, og skal stimulere val som er fornuftige og rasjonelle – for kvar einskild skogeigar, skognæringa elles og i høve til andre samfunnsinteresser.

I kommunal planlegging og sakshandsaming er planen meint som eit hjelpemiddel, men det er skogeigarane sjølve som avgjer om eit område gjev grunnlag for økonomisk og berekraftig skogbruk.

Planen er ikkje uttømande – verken i høve til eksisterande eller framtidig bruk. Dette er ein dynamisk plan – eit informativt grunnlagsdokument som vil endre seg med tida. Planen er heller ikkje juridisk bindande, d.v.s. at planen ikkje avgjer kva tiltak som skal utførast på eit bestemt areal.

## 1.3. Organisering av arbeidet

Arbeidet skulle i samsvar med vedtak i formannskapet 14.06.2017 (sak FO-084/17) setjast vekk til eksterne, men dette vart seinare omgjort.

Prosjektet har vore organisert med ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå kommunen, dei lokale skogeigarlaga og i avsluttingsfasen også Vestskog. Prosjektleiaren har hovudsakleg jobba med både tekstdelen og kartdelen av prosjektet, og nytta arbeidsgruppa som ei referansegruppe. I tillegg har fleire enkeltpersonar vore med i arbeidet i ulike fasar.

Arbeidet har gått føre seg i perioden 2017–2019, med varierende intensitet.

Planen vart sendt til Fylkesmannen i Vestland for eventuell uttale og innspel i perioden 19.06.2019–04.07.2019. Fylkesmannen kom ikkje med uttale eller innspel.

## 1.4. Innhaldet i planen

Planen inneheld ein kartdel og ein tekstdel, som begge er delt i fire tema

- Skogbruksområde
- Skog med vernande funksjon
- Skogsveggar
- Kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket

I tekstdelen sin hovuddel er det for kvart tema gjort greie for temaet generelt, kvifor det er med i planen, dagens situasjon, mål, tiltak og ein konklusjon.

Avsluttingsvis i hovuddelen har vi sett på samanhengene mellom dei fire tema.

Det er mange fleire tema som kunne vore med i planen, som t.d. tømmerkai, skogskader, og ei oversikt over verna område og friluftslivsområde. Ein slik plan må imidlertid vere lesbar, forståeleg og råd å bruke, og kan difor ikkje innehalde alle tenkjelege tema. Dei tema som er med, er dei tema som vi per i dag ser som dei viktigaste for skogbruket i Stryn kommune. I kvar einskild sak kommunen handsamar må også andre aktuelle tema og planar vurderast opp mot tiltaket som skal gjerast.

## 1.5. Grunnlagsdata

Planen er basert på desse grunnlagsdata

Grunnlagsdata	Skildring	Utarbeida årstal	Utarbeida av	Henta frå
<b>Oversikt over område med over 5000 m<sup>3</sup> hogstmoden gran (nytta i kart)</b>	Syner hogstmodne felt i kommunen i femårsperiodar frå 2015 til 2040. NB: kun område med over 5000 m <sup>3</sup> gran			Oversend frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
<b>Oversikt over vernskog (nytta i kart)</b>	Grensene for kommunen sin offisielt verna vernskog etter skogbrukslova		Stryn kommune – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) si kartteneste «Kilden»
<b>Oversikt over skog i bratt terreng (nytta i kart)</b>	Syner område med skog i skredterreng (terreng over 30 grader)	2016	Norges geotekniske institutt (NGI)	Norges geotekniske institutt (NGI)
<b>Skredrapport (nytta i tekstdelen kapittel 2.1., 2.3.2. og 2.3.3.)</b>	Skredfarekartlegging i Stryn kommune, NGI – Breien, Gauer, Kristensen, Sverdrup-Thygeson	2017	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)/NGI	NVE/NGI
<b>Hovudplan for skogsveggar (nytta i kart)</b>	Ei oversikt over behovet for nye skogsveggar (både skogsbilveggar og traktorveggar) dei neste 30 åra	2013	Stryn kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen i Vestland
<b>Kommunen sitt vegnett (nytta i kart)</b>	Syner kommunen sine eksisterande skogsbilveggar, traktorveggar og kommunale veggar (m.m.). Ikkje uttømmande oversikt for skogsbilveggar og traktorveggar	Kontinuerleg oppdatert vegnett	Stryn kommune	Stryn kommune
<b>Liste over kommunale veggar som kan køyrast med vogntog vidare til skogsbilveg (nytta i tekstdelen kapittel 2.5.3.)</b>	Ei liste over kommunale veggar som utgjer flaskehalsar for skogbruket, men som <u>kan</u> vere enkle å utbetre	Oppdatert 2018	Asle Lyslo på vegne av skogeigarlaga i Stryn. Lista er seinare supplert og prioritert i arbeidsgruppa i dette prosjektet	Asle Lyslo

Vi gjer merksam på at noko av grunnlagsmaterialet planen er basert på, er eldre og kan vere noko utdatert. Dette kan igjen føre til ein del manglar og fylgjefeil. Planen er likevel basert på det nyaste grunnlagsmaterialet vi har tilgang til, og vil bli oppdatert etter kvart som nyare grunnlagsmateriale vert tilgjengeleg.

## 2. Skogbruksplanen

### 2.1. Skogbruket i Stryn kommune

Det er store variasjonar i vegetasjonsdekket innanfor kommunen. Fjellsidene i området er for det meste skogkledde opp til om lag 600 m.o.h., men har innslag av høge brattkantar, ur og bart fjell. Skogen varierer mellom bar- og lauvskog med ein del granfelt.

Kommunen har eit totalt skogareal på om lag 241 000 dekar, og om lag 133 000 dekar av dette er produktiv driveverdig skog – dette gjer Stryn til ein av dei største skogbrukskommunane i Sogn og Fjordane.

Den totale kubikkmasse er om lag 1 670 000 m<sup>3</sup> – av dette er om lag 757 000 m<sup>3</sup> gran, 483 000 m<sup>3</sup> lauv og 434 000 m<sup>3</sup> furu.

Grana er det treslaget som utgjer mest kubikkmasse i kommunen, og det er også grana som produserer mest og gjev mest igjen økonomisk på dei jamt over gode bonitetane vi har. Grana er også den mest etterspurde tresorten av industrien, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Skogen produserer kvart år 43 000 m<sup>3</sup>, medan avvirkinga har variert mellom 14 000 m<sup>3</sup> og 36 000 m<sup>3</sup> årleg dei siste ti åra. Svingingane er eit utslag av m.a. tømmerpris, tilskotsordningar, avvirking grunna stormskader og mengd hogstmogen skog.

Om lag 230 skogeigarar har eigen skogbruksplan som gjev grunnlag for bærekraftig skogsdrift både med tanke på miljø og økonomi. Det er likevel truleg på tide med nyare skogbruksplanar i kommunen.

Det er bygd over 100 km skogsbilvegar og over 160 km traktorvegar. Mange av dei eldre skogsvegane har høvesvis dårleg standard i høve dagens krav, så ombygging og nybygging må til fleire stadar for å kunne nytte skogressursane.

Vi gjer merksam på at tala over er baserte på det tidlegare nemnde utdaterte grunnlagsmaterialet, og difor kan innehalde noko feil.

## 2.2. Skogbruksområde

### 2.2.1. Kva er skogbruksområde

Områda som i denne planen er definerte som «skogbruksområda» er område der det er estimert stor hogst av gran (over 5000 m<sup>3</sup>) dei næraste 20-25 åra. Grunngevinga for at det i planen kun er fokusert på gran, finn du i kapittel 2.1. fjerde ledd.

### 2.2.2. Kvifor er dette med i planen

Ved å ha ei oversikt over kvar dei største skogbruksområda er, og når dei er hogstmodne, kan vi m.a. betre handsame vegsøknader, prioritere tilskotssøknader og utbetring av kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket, og handsame søknader om omdisponering og fritak frå

forryngingsplikt. I tillegg får vi også ei rettesnor for kva område som kan prioriterast til andre samfunnsnyttige føremål.

### 2.2.3. Kva er situasjonen i dag

I alle delar av kommunen har vi område med mykje ståande gran. I fleire av områda er den ståande grana imidlertid kun hogstmoda i ein femårsperiode – vi har altså ikkje overlappende hogstmoden alder på arealet. For å få ei oversikt over kva område som per i dag er område for uthaldande skogbruk, altså store område med mykje hogstmoden gran over lengre periodar, har vi basert oss på mengd ståande skog og hogstmoden alder. Område der vi finn over 5000 m<sup>3</sup> hogstmoden skog (gran) i fleire femårsperiodar på same arealet, kallar vi heretter i planen uthaldande skogbruksområde.

Ut i frå kriteriene vi har sett og kartgrunlaget vi har, er dette per i dag dei uthaldande skogbruksområda i kommunen:

- Svarstad/Vinsrygg – hogstmodne felt i periodane 2015-2020 og 2035-2040
- Erdalen – hogstmodne felt i periodane 2030-2035 og 2035-2040
- Børdalen – hogstmodne felt i periodane 2030-2035 og 2035-2040
- Reme/Hilde i Innvik – hogstmodne felt i periodane 2015-2020, 2020-2025, 2025-2030 og 2030-2035
- Heggdal/Lyslo i Innvik – hogstmodne felt i periodane 2015-2020 og 2030-2035

Det er imidlertid opp til skogeigarane sjølve å bestemme om skogen skal takast ut.

### 2.2.4. Mål

Målet er å få ei betre oversikt over kvar den største mengda hogstmoden skog står, slik at desse områda kan tilgjengeleggjerast og ivaretakast på best mogleg måte.

### 2.2.5. Tiltak

Vi må nytte planen i kommunalt prosjektarbeid, planarbeid og sakshandsaming, t.d. ved handsaming av vegsøknader, tilskotssøknader og prioritering av utbetring av kommunale vegar som utgjør flaskehalsar for skogbruket.

### 2.2.6. Konklusjon

Område med mykje ståande granskog er godt fordelt i kommunen, men truleg har vi noko utdatert grunnlagsmateriale og difor ikkje ei fullstendig oversikt over kva større skogbruksområde vi faktisk har. Dette avdekkjer eit behov for oppdatering av grunnlagsmaterialet, slik at teori og realitet stemmer overeins.

## 2.3. Skog med vernande funksjon

### 2.3.1. Kva er skog med vernande funksjon

Skog med vernande funksjon kan i hovudsak delast i to grupper.

1. Offisielt verna vernskog etter skogbrukslova – vernskog er skog som fungerer som vern mot naturskader, vern for annen skog eller i område der skogen er sårbar og kan bli øydelagd ved feil skoghandsaming. I vernskog etter skogbrukslova er det meldeplikt for ymse tiltak.

2. Anna skog som fungerer som vern mot hovudsakleg naturskader, vern for annen skog eller i område der skogen er sårbar og kan bli øydelagd ved feil skoghandsaming.

### **2.3.2. Kvifor er dette med i planen**

Generelt er Stryn eit område med stor og variert skredproblematikk som er betinga både av naturtilhøva og arealutnyttinga. Det fører til at høvesvis mykje av utbygd område og infrastruktur ligg utsett til for ei viss skredfare.

Skogen kan imidlertid redusere noko av denne faren. Dersom skogen står tett nok, vil den i stor grad hindre utløyising av flakskred. Skog i skredbana kan også ha effekt på rekkevidda av skred fordi skog har ei viss bremsande effekt på skredrørsla, og kan også redusere mengda skredmasse som vert rive med nedover. Skogen har også bremsande effekt på steinsprang.

Endringar, m.a. i form av større menneskelege inngrep i terrenget og vegetasjonen, som t.d. skogsvegbygging, snauhogst og skogplanting, kan imidlertid endre føresetnadane og auke faren for skred. For dei fleste skredutsette områda er difor ei bevaring av om lag dei tilhøva vi har i skogen i dag ein føresetnad for å ikkje auke skredfaren.

Skredproblematikken er kompleks, og det er også ei anna side av denne saka - skog i bratt terreng kan i visse tilfelle også auke faren for skred. Dette beror på helling, jordsmonn, treslag, plassering m.m.

### **2.3.3. Kva er situasjonen i dag**

I høve til tidlegare tider med stor skogavvirking og tendensar til overbeiting, er situasjonen i dag endra med omsyn til skog og anna vegetasjon. Dette betyr noko for skredprosessane og vurderingane rundt skredproblematikken. Skredkartlegginga i delar av kommunen i 2017 var basert på den vegetasjonen vi har i dag, og i rapporten står det at dersom store deler av skogen blir vekke ovanfor utbygde område bør det gjennomførast nye vurderingar av skredfaren.

### **2.3.4. Mål**

Målet er å få ei oversikt over skog med vernande funksjon, og nytte denne kunnskapen i kommunal planlegging og sakshandsaming. I tillegg kan planen fungere som eit grunnlag for utarbeiding av skjøtselsplan og retningsliner for hogst (t.d. stripehogst) i skog i skredutsette område (både skog som fungerer som vern, men også skog som kan utgjere ei auka fare for skred) – hovudsakleg som ei rettleiing til skogeigarar. Eit mål på lang sikt må vere å tilpasse skjøtsel og hogst på ein slik måte at skogen kan tene både som driveverdig skog og som vern, og at vi får redusert delen skog som utgjer ei auka fare for skred.

### **2.3.5. Tiltak**

All skog vil kunne ha ein vernande funksjon. Ved vurdering av om det skal leggest restriksjonar på skogbruksaktiviteten i slike område, er det avgjerande om den vernande funksjonen er vesentleg. Kva som er «vesentleg» blir ei vurderingssak i kvart einskild tilfelle.

Det er ikkje skogbruksmynda sitt ansvar å vurdere skred- og flaumrisiko, eller å kartlegge om skogen har vernande funksjon mot naturskader, eller skapar større fare for skred.



I utgangspunktet gjeld dei same reglane for tildeling av tilskot og andre økonomiske verkemiddel til skogbrukstiltak i vernskog som i anna skog. Det vert ikkje gjeve noko økonomisk kompensasjon som fylgje av eventuelle restriksjonar i vernskog. Eventuelle begrensingar og pålegg som er gjevne i lokale forskrifter for vernskog må fylgjast.

Ved uttak av skog, eller søknad om bygging av veg eller andre tiltak i skog med vernande funksjon, også i slik skog som fell utanfor den offisielt verna vernskogen etter skogbrukslova, bør det visast ekstra aktsemd.

Utarbeiding av eventuelle skjøtselsplanar i skog med vernande funksjon kan vere eit godt tiltak, men slike planar må likevel vere noko som skogeigarane sjølv både initierer og følg opp. Kommunen si oppgåve må i dette tilfelle vere å kunne tilby ei oversikt over områda, og tilby rettleiing i høve til vern, bruk og utarbeiding av plan.

### **2.3.6. Konklusjon**

Med dei naturtilhøva vi har i vår kommune ser vi at noko skog med vernande funksjon, og særleg skog i bratt terreng, overlappar delar av skogbruksområda. Det blir difor for enkelt å seie at uansett om skogen fungerer som vern, eller utgjør ei auka fare for skred, er skog med vernande funksjon/skog i bratt terreng ikkje eigna område for skogproduksjon. I utgangspunktet er nok dette ein brukbar konklusjon, men vi må tilpasse oss dei naturtilhøva vi har, og heller prøve å nå målet om at desse områda på sikt kan nyttast både som område for driveverdige skog og som vern, og at vi får redusert delen skog som utgjør ei auka fare for skred.

## **2.4. Skogsvegar**

### **2.4.1. Kva er skogsvegar**

Skogsvegar kan delast i skogsbilvegar og traktorvegar. Skogsvegane er bygde i samsvar med normalar for landbruksvegar med byggeskildring, fastsett av landbruks- og matdepartementet. Dei eldre vegane er bygde utan å fylgje dagens normalar.

Skogsvegane er ein grunnleggjande føresetnad for ei rasjonell skogsdrift, og generelt er det eit stort behov for tettare skogsvegnett i plantefelta på Vestlandet. Vegar er langsiktige investeringar som legg til rette for ei rasjonell skogsdrift. I skog med vernande funksjon kan også utbygging av eit vegnett redusere bruken av uønskt flatehogst i desse områda.

I denne planen er både det eksisterande skogsvegnettet og ei oversikt over potensielle nye skogsvegprosjekt (hovudplan skogsveg) med. Hovudplan skogsveg er basert på mengd skog og eit kost-/nytte prinsipp. Det er viktig å nemne at det er grunneigarane/skogeigarane sjølv som avgjer om dei ynskjer å bygge veg, og hovudplanen er berre eit framlegg for mellom anna å synleggjere moglege fellesprosjekt.

### **2.4.2. Kvifor er dette med i planen**

Ein god infrastruktur er ein føresetnad for å drive eit lønsamt, rasjonelt og skjøtselsmessig godt skogbruk, og eit godt utbygd vegnett i skogen kan bidra m.a. til auka lønsemd, gjere det økonomisk interessant å også ta ut mindre kvantum spesialsortiment, auke interessa for å drive skogbruk, gjere det mogleg å hente virke heile året og tilpasse avvirkinga til marknaden, lette tilkomsten til areal i

samband med anna verksemd knytt til utmarka og bidra til eit miljøretta og fleirbrukstilpassa skogbruk.

Først og fremst er det viktig å få ei oversikt over kva vegnett vi har, for å sjå kva vegar som går til uthaldande skogbruksområde, og kva vegar som er knytt til kommunale vegar som utgjør flaskehalsar for skogbruken. I tillegg er det viktig å få ei oversikt over kva område det kan vere aktuelt å byggje nye skogsvegar til, kva skogsvegar som er aktuelle som fellesprosjekt og om det er potensielle vegprosjekt som ikkje lenger er aktuelle p.g.a. vegar som er opparbeida etter at hovudplanen for skogsveg vart utarbeida.

### **2.4.3. Kva er situasjonen i dag**

Det er umogleg å få ei uttømmende oversikt over skogsvegane i kommunen. Mange av vegane er eldre vegar, som kanskje ikkje har vore gjennom ein søknadsprosess, og heller ikkje er lagt inn i det digitale vegarkivet som har vore nytta dei seinare åra. Nokre av vegane kan også vere registrerte som andre private vegar, og er difor ikkje fanga opp av skogsvegssystemet.

Det blir jamt over ikkje bygd mange skogsvegar i kommunen, unntaket er når det skjer naturkatastrofer. Det er likevel ei jamn tilstrøyming av søknader om landbruksveg kvart år med om lag 5-10 søknader i året. Dei fleste av desse landbruksvegane er skogsvegar. Vegane er ofte småprosjekt, med ein brukar og med tanke på å løyse ut skog i området her og no. Det er ein del skogeigarar som ikkje tenkjer «uthaldande skogbruk» og såleis ikkje har tenkt så mykje over framtidig vedlikehald og bruk av vegen.

Mange av dei største skogbruksområda vi har oversikt over har tilkomst via veg i dag, og mange av vegane i hovudplanen for skogsveg er bygde - ikkje heilt etter estimert trasè, men slik at dei løyser ut mykje av dekningsområda estimerte i hovudplanen.

På grunn av den utfordrande topografien vi har i kommunen må vi likevel rekne med at ikkje all skog kan takast ut via veg, og om lag 25 % av skogarealet vårt må drivast med taubane sjølv om vegane i hovudplanen e.l. vert bygde.

Av dei uthaldande skogbruksområda som, ut i frå det vi veit basert på planen, kunne hatt behov for skogsvegar basert på hovudplanen for skogsveg, er området i Erdalen og noko av området Svarstad/Vinsrygg. I Bødalen er der eit skogsvegprosjekt på gong.

### **2.4.4. Mål**

Målet er at driveverdig skog kan takast ut på ein rekningsvarande måte, og at det vert drive eit uthaldande skogbruk på eigna område som har vegutløyising.

### **2.4.5. Tiltak**

Planen er i dette tilfellet tenkt nytta t.d. som verkty ved prioritering av søknader om nye skogsvegar og prioritering av tilskot til nybygging, og opprusting og vedlikehald av allereie eksisterande skogsvegar.

T.d. vil samarbeidsløysingar over eigedomsgrensar og veganlegg som løyser ut hogstmoden skog ha høgaste prioritet. Vi må likevel ikkje gløyme mindre prosjekt i område med mindre skog.

## 2.4.6. Konklusjon

Eksisterande skogsvegar må haldast ved like og det bør drivast eit uthaldande skogbruk på eigna område som allereie har vegutløysing. Mange av dei største skogbruksområda har i dag vegutløysing. Det må likevel takast omsyn til dei med mindre område med skog, som også ynskjer å nytte denne ressursen ved å bygge veg.

## 2.5. Kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket

### 2.5.1. Kva er flaskehalsar

Flaskehalsar er i denne samanhengen meint kommunale vegar knytt til skogsvegar, der dei kommunale vegane har for dårleg bæreevne og for dårleg vegklasse til at tømmeret kan køyrast ut utan å lesse om tømmeret for å køyre mindre lass («kippe»).

Ofte skjer dette ved at transportøren må setje frå seg hengar og køyre vidare kun med bil for å hente ut tømmeret, på grunn av bæreevna til vegen, for liten radius i svingar, for små bruer eller for liten snuplass m.m. Dette er både tidkrevjande og lite effektivt, og skogeigarane må i desse tilfella betale eit «kippetillegg».

### 2.5.2. Kvifor er dette med i planen

Flaskehalsar på dei kommunale vegane skapar meirkostnader for skogeigarane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og også dei lokale skogeigarlaga, har ved fleire høve teke opp behovet for å kartlegge og utbetre flaskehalsane på dei kommunale vegane.

### 2.5.3. Kva er situasjonen i dag

Det er mange kommunale vegar som utgjer flaskehalsar for skogbruket. Arbeidsgruppa har gått gjennom lista over kommunale vegar som kan køyrast med vogntog vidare til skogsbilveg, og som truleg har låge utbetningskostnader i høve til kor viktige dei er for skogbruket per i dag, supplert denne og prioritert kva vegar som bør prioriterast i første omgang. Vegane som er serskild markerte i lista nedanfor (dei fire første) er dei som er serskild prioriterte per i dag, med den informasjonen vi har i dag.

Vi gjer merksam på at denne lista ikkje nødvendigvis er uttømande.

Vegnummer (kv.)	Vegnamn	Frå	Til	Veglengd (m)	Vognlengd
62	Kleiva	Fv. 698	Start skogsbilveg	350	12,40 m/Bk 8
127	Li	Fv. 60	Heggdal/Li	2677	15,00 m/Bk 8
128	Einebakken	Kv. 127	Start skogsbilveg	525	15,00 m/Bk 8
152	Ytre Tistam	Fv. 725	Start skogsbilveg	368	12,40 m/Bk 10
28	Mork	Rv. 15	Mork/Oppstryn sag	700	12,40 m/Bk 8
39	Sør-Markane	Rv. 15	Skogstjerna	6446	15,00 m/Bk 8
60		Fv. 698	Nygård	1600	12,40 m/Bk 8
64	Rosetvegen	Fv. 698	Rosettunet	560	12,40 m/Bk 8
81	Åland	Fv. 698	Åland	640	12,40 m/Bk 8
88	Sæten	Fv. 723	Start skogsbilveg	150	12,40 m/20 t (bru)
109	Skarstein	Fv. 60	Gildestad	2800	12,40 m/Bk 10
132	Eide	Fv. 724	Beinnes/Lauki	1700	15,00 m/Bk 8
	Bruvoll	Fv. 724	Bruvoll		12,40 m/(bru)
135	Gjerde	Fv. 60	Start skogsbilveg	800	12,40/Bk 8
142	Øvre Valaker	Fv. 60	Start skogsbilveg	606	15,00 m/Bk 8
148	Berge	Fv. 60	Start skogsbilveg	1066	15,00 m/Bk 8
149	Kårstad	Fv. 60	Start skogsbilveg	1197	15,00 m/Bk 8

Hausten 2018 vart det leigd inn ein ekstern aktør for å foreta bæreevne målingar på nokre av dei kommunale vegane som utgjer flaskehalsar for skogbruket. Vegane som i denne omgang var prioriterte for bæreevne måling var:

- Blakset – kv. 62 frå fv. 698, forbi Nordsida skule.
- Markane – kv. 39 i Sør-Markane, frå rv. 15.
- Olden – kv. 109 Skarstein, frå fv. 60.
- Innvik – kv. 127 og kv. 128 mot Li, Heggdal og Einebakken, frå fv. 60.
- Utvik – kv. 142, kv. 148 og kv. 149 mot Øvre Valaker, Berge og Kårstad, frå fv. 60.

Dette er vegar som vi trudde kunne vere høvesvis enkle og lite kostbare å få opp i ein betre vegklasse, sett saman med kor viktige dei er for skogbruket her og no, og ei bæreevne måling ville hjelpe oss å kartlegge standarden på vegane. Målet var å sjå om nokre av vegane kunne justerast opp til ein betre klasse som ei fylgje av målingane, men målingane avdekkja dårlegare bæreevne enn forventa.

Vegnummer (kv.)	Vegnamn	Bæreevne
39	Sør-Markane - Isbakken til Nybø	4,6
39	Sør-Markane - Flore sagbruk	4,4
62	Kleiva	5,1
109	Skarstein	4,8
127	Li	3,1
	Skåden	5,8
142	Øvre Valaker	5,5
148	Berge	5,1
149	Kårstad	3,7

Tabellen syner snittet av bæreevna på vegane. Nokre stadar har vegane gode målingar, andre stadar dårlegare.

Med grunnlag i desse målingane vart ingen av vegane justert opp til ein betre vegklasse.

Ut frå føresetnadane i denne planen er det kun to av dei uthaldande skogbruksområda som er knytt til kommunale flaskehalsvegar. Dette gjeld delar av området Erdalen, med kv. 28 mot Mork, og Heggdal/Lyslo i Innvik, med vegane kv. 127 og kv. 128 mot Li, Heggdal og Einebakken. Sjølv sagt er det også andre kommunale vegar i andre område som har behov for oppgradering, basert på andre kriterier.

#### 2.5.4. Mål

Målet med å kartlegge dei kommunale vegane som utgjer flaskehalsar for skogbruket er todelt. Det kortsiktige målet knytt direkte til denne planen er å skape eit godt grunnlagsmateriale for å kunne jobbe mot ei utbetring av vegane. På lenger sikt er målet å få talet kommunale «flaskehalsvegar» ned på eit akseptabelt nivå, slik at meirkostnadane for skogeigarane i kommunen vert reduserte.

Nokre flaskehalsar på kommunale vegar må vi likevel rekne med, serskilt til mindre skogbruksområde.

#### 2.5.5. Tiltak

Planen skal bidra til at vi får ei oversikt over kva vegar som må prioriterast for utbetring, og fungere som eit grunnlagsmateriale for vidare arbeid med den faktiske utbetringa. Ei naturleg fylgje av utarbeidinga av denne planen vil vere å gå vidare med eit eige «flaskehalsprosjekt».

Følgjeprojektet bør m.a. innehalde

- Ei oversikt over kva kommunen kan gjere i situasjonar der det vert planlagd store drifter knytt til kommunale flaskehalsvegar, og kva rutinar og verkemiddel kommunen har i høve til «strakstiltak»/avbøtande tiltak i slike situasjonar.
- Eit mål om bruk av ein årleg sum for å kartlegge tilstanden til fleire av vegane, og å utbetre flaskehalsane.
- Ein søknad om eksterne midlar til å utbetre flaskehalsane.
- Ei prioriteringsliste med konkrete tiltak for å utbetre dei kommunale flaskehalsvegane.

Vidare framover er det også viktig å ha fokus på flaskehalsane i forkant av store drifter. Der det vert planlagd tømmerdrift bør uttransporten planleggast i god tid både av skogeigar og entreprenør, slik at høgare kostnad på grunn av naudsynt «kipping» ikkje kjem som ei overrasking. Kanskje er det i nokre tilfelle mogleg for skogeigarane å gå saman og søkje om private tiltak som ikkje vert meir kostbare enn meirkostnadane med «kipping», t.d. ved å utbetre snuplassar på eksisterande skogsveg. Det er likevel ei utfordring for næringa å vere ute i så god tid før drifta vert sett i gong.

For utbetring av flaskehalsvegane må kommunen i utgangspunktet halde seg til det kommunale vegbudsjettet. Det betyr at dette nødvendigvis vil ta tid, og at litt og litt kan gjerast kvart år. I enkelte høve kan løysinga vere enkel, og lite kostnadskrevjande, men bæreevne målingane hausten 2018 viste at hovudregelen truleg er det motsette.

### 2.5.6. Konklusjon

Fleire kommunale vegar utgjer flaskehalsar for skogbruket, og fører til meirkostnader for skogeigarane. Det er naturleg og forventa at kartlegginga som er gjort i samband med denne planen skal fylgjast opp med eit eige «flaskehalsprosjekt» i kommunen.

## 2.6. Kartdelen

### 2.6.1. Kva er kartdelen

I kartdelen av planen finn vi igjen dei same tema som i tekstdelen, med oversikt over

- **store område med hogst i femårsperiodar frå 2015 til 2040.**  
Her er det kun område med over 5000 m<sup>3</sup> hogstmoden gran som er med. Det kunne nok ha vore med område med mindre volum, men det er dette kartlaget som er uttrekt og overlevert til oss frå fylkesmannen. Grunnen til at også perioden med hogstmodne felt 2015-2020 er teken med er fordi ikkje alle hogstmodne område vert avvirka akkurat i «rett» periode, og det kan difor tenkjast at nokre av desse områda framleis står igjen med skog per i dag. Kartlaget er truleg basert på noko utdatert grunnlagsmateriale, og det vil difor medføre ein del manglar og fylgjefeil. Arbeidsgruppa trur at fleire område passar til kriteriene og burde vore med i planen.
- **vernskog og anna skog med vernande funksjon.**  
Kartlaget vernskog inneheld oversikt over den skogen som er offisielt verna etter skogbrukslova. Vernskoggrensene vart i si tid vedteke av kommunestyret og det tidlegare fylkeslandbruksstyret, truleg basert på verbale skildringar. Vernskogreglane gjeld kun der det er skog, og vernskoglovgjevinga si oppgåve er å sikre kontroll med hogstaktiviteten i vernskogen. Til dette føremålet er dei grensene vi har for vernskogen i dag gode nok.

I arbeidet med denne planen oppdaga vi også at oversikta over den offisielt verna skogen, etter vårt syn, ikkje er tilstrekkeleg til å skildre dagens situasjon i høve til skredfare og bruk, og vi valde difor å ta med enno eit kartlag for å synleggjere dagens situasjon betre. For å syne anna skog med vernande funksjon fann vi det mest rett å nytte eit kartlag som syner skog i bratt terreng, altså skog i terreng over 30 grader. Dette er terreng som generelt er bratt nok til å generere skred av seg sjølv.

- **eksisterande skogsvegar.**

Kartlaget syner eksisterande skogsvegar – både skogsbilvegar og traktorvegar. Opplysningane er henta frå kommunen sitt vegnett, og er samanlikna og supplert med opplysningar frå kommunen sitt digitale vegarkiv (ØKS). Kartlaget vil likevel innehalde feil og manglar, då det ikkje fins ei fullstendig og uttømande liste over skogsvegane i kommunen. Fleire eldre vegar er ikkje komne med, i tillegg til at nokre av vegane også er registrerte som andre private vegar, og difor ikkje vert fanga opp som skogsvegar. Vi reknar likevel kartlaget som godt nok, og vil oppdatere kartet knytt til denne planen ved behov.

- **hovudplan skogsveg.**

Dette kartlaget inneheld ei generell oversikt over behovet for nye skogsvegar i kommunen dei neste 30 åra. Området kring vegen syner arealet som vegen løyser ut. Vegane er teikna inn etter ei skogfagleg vurdering i samarbeid mellom kommunane og landbruksavdelinga hjå fylkesmannen, og tek sikte på å løyse ut dei store areala som vart planta i skogreisingsperioden frå 1955 til 1975. Kartlaget syner kvar det ut frå reine skogbruksomsyn er trong for skogsveg. Her kan vere feil i høve til kva som er teknisk mogleg, og også feil i omsyn til natur og miljø, og ressursgrunnlaget i området. Det er ikkje gjort ei vurdering og vektning i høve til natur- og miljøinteresser. Det er difor ikkje realistisk at alle desse vegane vert godkjende/bygde. Det er også kun grunneigarane/skogeigarane sjølve som avgjer om dei ynskjer å bygge veg, og dette er berre eit framlegg for mellom anna å synleggjere moglege fellesprosjekt.

- **kommunale vegar som utgjør flaskehalsar for skogbruket.**

Dei aktuelle kommunale vegane er henta inn i kartet frå kommunen sitt vegnett. Kva vegar som skulle hentast inn i kartet var basert på lista i kapittel 2.5.3. i denne planen.

Kartdelen er, som tekstdelen, ikkje uttømande verken i høve til eksisterande bruk eller framtidig bruk. Vi tek atterhald om feil og manglar i tilsendt materiale som er utarbeida av andre.

### 2.6.2. Kvifor kart?

Ofte kan det vere enklare å forstå ein situasjon og samanhengen mellom ulike tema ved å sjå det, i staden for kun å lese det. I kartet kan vi sjå korleis ulike område og tema overlappar kvarandre, m.a. kva store skogbruksområde som manglar veg, kva skogsvegar som ikkje er bygde og kva skogsvegar og område som soknar til kommunale vegar som utgjør flaskehalsar. I tillegg får vi eit visuelt inntrykk av kor store område med vernskog og skog i bratt terreng vi har, og får på denne måten eit godt bilete av kva område som kan vere skredutsette og som i *utgangspunktet* ikkje eignar seg for skogproduksjon. Kartet bind saman dei fire tema og planen på ein naturleg måte.

### 2.6.3. Korleis skal kartet lesast

Kartet kan ved første augekast vere vanskeleg å lese. Det lettaste er å zoome inn til eit mindre område og så lese kartet saman med teiknforklaringa.

Dei ulike tema har alle ulike fargar og teiknereglar

- Skogbruksområda som er med i planen syner med ulike grønnysansar frå mørk (hogstmode no) til lysare/»friskare» (desto lysare/»friskare», desto lenger til det er hogstmode). Der fleire skogbruksområde overlappar kvarandre finn vi fremst det området som er hogstmode først.
- Skog med vernande funksjon syner som raud enkel skravur for offisielt verna vernskog, og raud rutenettskravur for anna skog med vernande funksjon (skog i bratt terreng). Desse områda kan ligge over, og overlappe, alle andre område i kartet.
- Dei eksisterande skogsvegane syner som blå og kvit skravur for skogsbilvegar, og grøn og kvit skravur for traktorvegar. Vegane ligg over skogbruksområda i kartet.
- Potensielle framtidige skogsvegar og dekningsområde til desse syner med stipla line som ein buffer rundt den tenkte midtlina til vegen, og svart enkel skravur på dekningsområdet rundt. Desse områda kan ligge over, og overlappe, alle andre område i kartet.
- Dei kommunale vegane som utgjør flaskehalsar for skogbruket syner som grå og kvit skravur. Vegane ligg over skogbruksområda i kartet.

### 2.6.4. Korleis kan kartet nyttast

Kartet kan lesast anten åleine saman med teiknforklaringa, eller aller helst saman med tekstdelen i planen. Nytteverdien i kartet er både for enkeltområde og enkelttema, men mest når vi ser fleire område og fleire tema i samanheng for å avdekke behov, manglar og moglegheiter.

## 2.7. Samanhengen mellom dei fire tema

Ved hjelp av planen får vi ei oversikt over kva område som bør prioriterast til skogbruksføremål, og kva skogområde som kan og bør prioriterast til andre samfunnsnyttige føremål.

Planen gjev oss også ei oversikt over tilgjenge til skogbruksområda våre, både i høve til kva vegar vi allereie har og kva vegar det kan vere behov for - og mogleg, å opparbeide. Den gjev oss også ei oversikt over kva skogbruksområde og skogsvegar som per i dag soknar til kommunale vegar som utgjør flaskehalsar for skogbruket. Ved hjelp av oversikta vi no har over kvar dei uthaldande skogbruksområda ligg, storleiken på områda og når dei er hogstmodne kan dette hjelpe oss å prioritere utbetringa av flaskehalsane enno betre.

## 3. Avslutting

### 3.1. Konklusjon

Vi må ha eit bevisst forhold til kva større område som bør prioriterast til skogbruk, og kva område som eignar seg betre til andre samfunnsnyttige føremål. Vurderingar i høve til skog med vernande funksjon må gjerast både i den kommunale planlegginga og sakshandsaminga. Større endringar i desse skogområda, som flatehogst og vegbygging, kan endre føresetnadane og auke faren for skred,

eventuelt kan også rett skjøtsel i skog som utgjør ei auka fare for skred, redusere faren. Eit langsiktig mål må vere å forvalte mange av desse områda slik at dei kan tene både som driveverdig skog og vern.

Vi har mange skogsvegar, men treng gjerne fleire – då gjerne større samarbeidsprosjekt for å løyse ut større område. Ein del av vegane i hovudplanen er bygde, ikkje alltid etter estimert trasè, men slik at dei løyser ut mykje av det same dekningsområdet. I tillegg er mange andre vegar bygde – dette er ofte mindre vegprosjekt, med færre brukarar. Eksisterande skogsvegar må haldast ved like, og det bør drivast eit uthaldande skogbruk på dei områda som er eigna og som allereie har vegtilkomst.

Flaskehalsane på dei kommunale vegane må utbetrast så godt og snart det let seg gjere, og det langsiktige målet må vere å få talet kommunale «flaskehalsvegar» ned. I fylgje prosjektet til denne planen - «flaskehalsprosjektet», vil det vere naturleg å gjere ei grundigare vurdering av dei kommunale vegane, og behovet for og prioriteringa av utbetring av desse, gjerne med grunnlag i opplysningane i denne planen.

Vidare har arbeidet med denne planen avdekka eit behov for oppdatering av informasjonen vi har tilgjengeleg i høve til kva skogressursar vi har ståande i kommunen, slik at teori og realitet stemmer overeins.

### **3.2. Bruk**

Planen skal primært nyttast i kommunal planlegging og sakshandsaming. Sekundært håpar vi skogeigarar, skognæringa og andre med interesse vil nytte den etter behov. Vidare skal planen også nyttast som grunnlag for eit eige prosjekt knytt til utbetring av dei kommunale vegane som utgjør flaskehalsar for skogbruket.

### **3.3. Revidering**

Planen vert revidert ved behov.